
Vår referanse 2020/42338-2
Dato 01.04.2020

Knut Hellevik

Løyve til utvida bruk av avkøyrslø - gnr 499 bnr 1 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 26.02.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 5492 til omsøkt frådelt parsell på gnr. 499 bnr. 1 i Alver kommune.

Veg /stad: Fv. 5492 hp. S1 D1 m 448 / Valdersnesvegen

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrslø skal vere tilstrekkeleg opparbeida og plassert i tråd med situasjonskart, datert 26.02.2020. I tillegg skal ein vedlikehalde avkøyrslø etter: *Krav til utforming av avkøyrslø*, prinsippsskisse som ligg ved.
2. Løyvet gjeld tilkomst til bustadparsell med inntil 2 bueiningar.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Eigaren eller brukaren av avkøyrslø har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkjørsel* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

Bakgrunnen for vedtaket

- Vestland fylkeskommune har i vurderinga lagt vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå.
- Den eksisterande avkøyrslø har tilfredstillande sikt. Her er generell fartsgrense 80 km/t men smal og dårleg fylkesveg og vi antar gjennomsnittfart er noko mindre. Siktkrav i håndbok = min. 70 meter, jf. og avkøyrslø i reguleringsplan vis a vis denne avkøyrslø.
- Primærvegen har låg ÅDT
- Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at utvida bruk for 2 bueiningar reduserer trafikktryggleiken i avkøyrslø monarleg.

Vi minner om at oppføring av bygningar på parsellen krev dispensasjon frå byggjeregulering (50 meter) langs fv. 5492.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[klage på forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Postboks 43, 6861 Leikanger, epost: firmapost-vest@vegvesen.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Eva Sundal
Overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:
Krav til utforming av avkøyrslø (prinsippkisse)
Skjema, klage på forvaltningsvedtak
Veglova §40 og §43

Kopi til:
ALVER
KOMMUNE
Tone Bøyum VLFK INV